



Giganten er felt og den var 71 år gammel. Øyvind Hatteberg til høyre og Jan Tore Johnsen oppe på stammen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter mange stormkast i det siste turde ikkje Tor Eik på Endregård leva lenger saman med storgrana si eit lite steinkast ovanfor huset. Tirsdag vart ho felt av eit AFA-team som la for dagen stor ekspertise under operasjonen. Det var berre ein hake ved det: Ein skjorfamilie vart huslaus. Foreldra flaksa avgarde, men ungen fall ned, hjelpelaus.**

Trefellarane fann ingen grunn til å tilkalla ornitologisk ekspertise. Hadde det vore ein meir sjeldan fugl, ville det nok stilt seg annleis. Ungen vart sett ut i området i håp om at foreldra kan koma att og ta seg av han.



Grana på Endregård har vore eit dominerande blikkfang i bygda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det viste seg at den truleg største grana i dalen var yngre enn mange trudde – ho var ”berre” 71 år. Til gjengjeld var ho større enn mange antok, med ein brysthøgdeomkrets på 3,60 og ei høgd på 30 meter. Det er sju meter meir enn ”julegrana”.

Med andre ord er det svært gode vekst-tilhøve for gran også i Uskedalen sentrum.



Grana var godt rotfesta, men likevel eit trugsmål i stormfulle tider. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Huslaus skjor blir kjæla med av Øyvind Hatteberg utanfor AFA. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Under mine 30 år som bonde har eg vore med på å fella mange vaksne tre. Den største var ei eik i Åkra som var 4,60 rundt, men dette er personleg rekord med omsyn til gran, fortalde Øyvind Hatteberg. Han er leiar av ute-avdelingen til AFA og hadde med seg Jan Tore Johnsen, Torolf Bondhus og Håkon Hjelmeland under operasjonen.

Den gikk forskriftsmessig føre seg. Heldigvis var det ikkje problem med å finna ein ufarleg retning for fellinginga av giganten. Vergudane var også med på operasjonen – det var knapt eit vindpust. Vel halvvegs oppe i grana hadde Øyvind festa ein streng frå traktorvinsjen.

Då han nesten hadde saga seg gjennom, ga han teikn til ein kar som sto i enden av eit tau. Med eit lite rykk starta han vinsjen og så fall grana der ho var planlagt å falla.



- Dette er vårt til no største oppdrag med omsyn til trefelling, opplyser dagleg leiar Jan Frank Christiansen.

Av Ola Matti Mathisen



360 centimeter var omkretsen på storgrana og to mann rokk ikkje rundt. (Foto: Ola Matti Mathisen)